

Kvartalsrapport pr. 31.03.2025



Innholdsliste

Innhald.....	2
Melding frå styret.....	3
Resultat.....	3
Balansen	3
Misleghald, tapsnedskrivningar og tap	4
Kapitaldekning.....	4
Utsiktene for resten av året	4
Rekneskap	6
Resultatrekneskap.....	6
Balanse	7
Resultatanalyse	8
Nøkkeltal.....	9
Eigenkapital	10
Notar.....	11
Note 1 Rekneskapsprinsipp.....	11
Note 2 Utlån til kundar	12
Note 3 Verdipapir	15
Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring	17
Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden	18
Note 6 Ansvarlig kapital og kapitalkrav	19

Melding frå styret

Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat for første kvartal 2025 på kr 15,5 mill. Tilsvarende resultat på same tidspunkt i fjor var kr 16,2 mill. Banken har pr. 31.03.2025 oppnådd ein rentenetto på kr. 29,5 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 2,45 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 27,1 mill., tilsvarende 2,40 % av gfk. I andre kvartal 2024 gjorde banken endringar i forvaltninga av likviditetsporteføljen. Tidlegare investerte banken i obligasjonsfond. Avkastninga av desse fonda vart inntektsført under posten vinst/tap verdipapir. Banken har no gått over til å investere direkte i obligasjonar. Verdiendringar blir då ført under posten vinst/tap verdipapir, mens rentene blir ført som ein del av rentenettoen og bidreg til å auke denne. Ser ein vekk frå effekten av endring i forvaltning av likviditetsporteføljen, har rentenettoen vorte redusert. Konkursansen på utlån og innskot har redusert rentemarginen og trekk ned rentenettoen samanlikna med tilsvarende periode i fjor. Dette blir meir enn kompensert ved at av inntekter frå likviditetsporteføljen i rekneskapen blir flytta frå andre driftsinntekter til renteinntekter.

Netto andre driftsinntekter er på kr 8 mill. pr. 31.03.2025, ein nedgang på kr 0,9 mill. samanlikna med 31.03.2024. Hovudårsaka er at renteelementet i avkastning på likviditetsporteføljen er flytta frå vinst/tap verdipapir til renteinntekter, jf. kommentarar i førre avsnitt.

Samla driftskostnader har auka samanlikna med fjoråret. Banken nyttar meir ressursar enn tidlegare på tiltak mot kvitvasking og svindel. Dette har bidrege til auka løns- og IT-kostnader. I tillegg har kostnadane knytt til marknadsføring auka.

Kostnadsprosenten pr 31.03.2025 er på 45,03 %. På same tidspunkt i fjor var kostnadsprosenten på 45,46 %. Kostnadsprosenten er låg i forhold til gjennomsnittleg kostnadsprosent for bankar på same storleik. Endring i forvaltningsmodell for likviditetsporteføljen gjer at tala for 2024 og 2025 ikkje er heilt samanliknbare. Dersom netto verdiendring og vinst/tap på verdipapir blir inkludert i kostnadsprosentberekninga, blir tala for 1. kvartal 2024 og 2025 meir samanliknbare. Berekna på denne måten har kostnadsprosenten auka frå 39,49 % pr 31.03.2024 til 42,83 % pr 31.03.2025. Dette reflekterer reduksjonen i rentemargin og auka driftskostnader.

Under rekneskapsposten tap er det kostnadsført kr 0,813 mill. pr 31.03.2025. Kostnadsført tap på same tidspunkt i fjor var på kr 0,158 mill.

Resultat etter skatt pr 31.03.2025 på kr 15,4 mill. gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 7,91 %. På same tidspunkt fjor resultat etter skatt kr 16,2 og eigenkapitalrentabiliteten etter skatt på 9,01 %. Det rekordgode resultatet banken oppnådde i 2024 er i det vesentlege halde tilbake i verksemda. Dette har auka banken sin eigenkapital. Auken i eigenkapital og noko lågare resultat hittil i år samanlikna med fjoråret forklarar nedgangen i eigenkapitalrentabiliteten.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 31.03.2025 er på kr 4.915,7 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 332,9 mill. (7,26 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt

AS, er pr. 31.03.2025 på kr 5.795,9 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 453,8 mill. (8,49 %).

Brutto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.909,3 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 193,9 mill. eller 5,22 %. Utanfor balansen har banken pr. 31.03.2025 overført kr 880,2 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 759,4 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 314,7 mill. eller 7,03 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 31.03.2025 er fordelt med 25,5 % til næringskundar, 0,3 % til offentleg sektor og 74,2 % til personmarknadskundar. På same tidspunkt i fjor var tilsvarande fordeling 27,60 % til næringskundar, 0,2 % til offentleg sektor og 72,2 % til personmarknadskundar. Innskot frå kundar er bokført med kr 3.777,8 mill. Veksten siste året er på kr 299,2 mill. eller 8,6 %. Banken sin innskotsdekning pr 31.03.2025 er på 96,6 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 80,3 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har uteståande obligasjonslån for kr 211,0 mill.

Misleghald, tapsnedskrivingar og tap

Misleghaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjør kr 63,4 mill. kr. pr. 31.03.2025. Dette er ein nedgang med kr 12,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivingar gått ned med kr 2,5 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2025.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 31.03.2025 har banken ein ansvarleg kapital på kr 670,8 mill. Heile banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.531,7 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 26,50 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 31.03.2025 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 27,11 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i dei samarbeidande finansinstitusjonane Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 24,12 %, kjernekapitaldekning på 24,53 % og ansvarleg kapitaldekning på 25,02 %. Perioderesultat så langt i år er då ikkje inkludert.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank leverer eit godt resultat i første kvartal 2025. Banken sin finansielle stilling er svært god. Som følge av handelspolitikken til den nye administrasjonen i USA, er det auka uvisse kring den globale økonomiske utviklinga frametter og korleis dette vil påverka også norsk økonomi. Styret vurderer at banken gjennom sitt lokal nærvær, tette dialog med kundane, nøkterne risikoprofil og låge eksponering mot kapitalmarknadane er godt tilpassa situasjonen.

Styret er vidare nøgde med å registrera at perioden med høgare rentenivå og svakare økonomiske utsikter så langt ikkje har hatt negativ innverknad på kredittkvaliteten i banken sin utlånsportefølje. Det vert viktig å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen også frametter.

Kredittveksten i norsk økonomi er låg, og det er sterk konkurranse mellom bankane. Det er gledeleg å registrera at banken sitt løysingsforslag til kundane står seg godt gjennom god kunde- og utlånsvekst, samstundes som banken leverer eit godt økonomisk resultat. Høg kostnadsvekst i samfunnet kombinert med utsikter til eit lågare rentenivå og svekka rentemarginer, vil venteleg halda fram med å gje press på bankane si inntening frametter. Med god kontroll på kostnadane og kunden i fokus meiner styret at banken framleis skal levera gode økonomiske resultat og vera ein førerekt leverandør av finansielle tenester også frametter.

Gaupne, 09.05.2025
I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Tom Dyrdal

Gry Høyheim

Anette Stegegjerdet Norberg

Thomas Dalsøren

Jermund Lien Molland
Banksjef

Resultatrekneskap

(Tal i heile 1.000)	Note	31.03.25	31.03.24	31.12.24
Renteinntekter og liknande inntekter		64.359	59.262	253.502
Rentekostnader og liknande kostnader		34.892	32.146	135.033
Netto renteinntekter		29.467	27.116	118.469
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		4.040	3.662	16.708
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		-553	-447	-2.231
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		2.671	970	6.566
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		1.826	4.730	21.829
Andre driftsinntekter		35	0	214
Netto andre driftsinntekter		8.019	8.915	43.086
Løn og andre personalkostnader		7.379	6.626	26.528
Andre driftskostnader		8.485	7.443	30.707
Ordinære avskrivningar		192	159	562
Sum driftskostnader		16.056	14.228	57.797
Tap på utlån, garantiar o.l.	2	813	158	3.923
Resultat før skatt		20.617	21.645	99.835
Skattekostnad		5.155	5.412	21.035
Resultat før andre inntekter og kostnader		15.462	16.233	78.800
Utvida resultat				
Andre inntekter og kostnader		-37	6	-1.268
Totaltresultat		15.425	16.239	77.532

Balanse

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	Note	31.03.25	31.03.24	31.12.24
Kontantar og fordringar på sentralbankar		79.249	75.516	79.072
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak		274.435	238.135	291.504
Utlån til og fordringar på kundar	2	3.882.053	3.685.675	3.870.387
Renteberande verdipapir	3	262.696	0	262.804
Obligasjons- og pengemarknadsfond	3	189.113	373.412	82.590
Aksjar og grunnfondsbevis	3	201.463	175.161	194.100
Varige driftsmidlar		6.875	6.899	6.446
Eigendeler ved utsatt skatt		3.702	3.876	3.702
Andre eigendeler		16.128	24.110	18.704
SUM EIGENDELER		4.915.714	4.582.784	4.809.309
GJELD OG EIGENKAPITAL				
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	5	80.258	115.623	80.256
Innskot og andre innlån frå kundar	4	3.777.755	3.478.528	3.678.990
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	5	211.014	210.987	211.048
Anna gjeld		21.413	26.167	17.472
Avsetningar		24.782	23.842	36.326
Sum gjeld		4.115.222	3.855.147	4.024.092
Sum eigenkapital		800.492	727.637	785.217
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		4.915.714	4.582.784	4.809.309
Garantiansvar		43.753	37.501	49.471
Pantsetjingar		229.039	259.578	237.165
Lån overført til Verd Boligkreditt AS		880.228	759.364	939.262
Gjennomsnitleg forvaltningskapital		4.877.544	4.553.589	4.691.952

Resultatanalyse

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Renteinntekter og liknande inntekter	5,35 %	5,23 %	5,40 %
Rentekostnader og liknande kostnader	2,90 %	2,84 %	2,88 %
Netto renteinntekter	2,45 %	2,40 %	2,52 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,34 %	0,32 %	0,36 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,05 %	-0,04 %	-0,05 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,22 %	0,09 %	0,14 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,15 %	0,42 %	0,47 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	0,67 %	0,79 %	0,92 %
Løn og andre personalkostnader	0,61 %	0,59 %	0,57 %
Andre driftskostnader	0,71 %	0,66 %	0,65 %
Ordinære avskrivningar	0,02 %	0,01 %	0,01 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	1,34 %	1,26 %	1,23 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,07 %	0,01 %	0,08 %
Driftsresultat før skatt	1,71 %	1,91 %	2,13 %
Skattekostnad	0,43 %	0,48 %	0,45 %
Resultat etter skatt	1,29 %	1,43 %	1,68 %
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	0,00 %	0,00 %	-0,03 %
Totaltresultat	1,28 %	1,43 %	1,65 %

Nøkkeltal

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Rentabilitet og effektivitet			
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	7,91 %	9,01 %	10,53 %
Kostnadsprosent eksklusiv verdiendring verdipapir	45,03 %	45,46 %	41,36 %
Kostnadsprosent inkludert verdiendring på verdipapir	42,83 %	39,49 %	35,78 %
Soliditet			
Eigenkapital i % av forvaltningskapital	16,28 %	15,88 %	16,33 %
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	24,12 %	24,68 %	24,90 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	24,53 %	25,21 %	25,33 %
Konsolidert kapitaldekning	25,02 %	25,78 %	25,83 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	12,43 %	12,16 %	12,75 %
Vekst siste 12 måneder			
Vekst i utlån på egen balanse	5,22 %	3,94 %	5,88 %
Vekst i utlån inkludert overføring til kredittforetak	7,03 %	3,63 %	8,58 %
Vekst i innskot	8,60 %	2,78 %	9,07 %
Vekst i forvaltning	7,26 %	1,48 %	7,10 %
Vekst i forvaltning inkludert overføring til kredittforetak	8,49 %	1,77 %	9,21 %
Likviditet			
Innskotsdekning	96,64 %	93,62 %	94,39 %
Innskotsdekning inkludert lån overført til kredittforetak	78,88 %	77,74 %	76,06 %
LCR	282,05 %	293,20 %	282,00 %
NSFR	140,05 %	149,99 %	141,00 %

Eigenkapital

(Tal i heile 1.000)

	Udisponert resultat	Fond for urealiserte gevinster	Bankens fond	Gavefond	Sum eigen- kapital
Eigenkapital pr. 31.12.2022	0	42.713	580.186	23.715	646.615
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	6.162	62.577	0	68.739
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	0	1.145	0	1.145
Avsetnad til gåver	0	0	-5.500	5.500	0
Gåver utdelt av styret i 2023	0	0	0	-4.871	-4.871
Eigenkapital pr. 31.12.2023	0	48.875	638.409	24.344	711.628
Resultat før andre inntekter og kostnader		14.395	64.405	0	78.800
Poster ført over andre inntekter og kostnader		0	-1.268	0	-1.268
Avsetnad til gåver		0	-7.500	7.500	0
Gåver utdelt av styret i 2024		0	0	-3.942	-3.942
Eigenkapital pr. 31.12.2024	0	63.270	694.046	27.901	785.217
Resultat før andre inntekter og kostnader	15.462	0	0	0	15.462
Poster ført over andre inntekter og kostnader	-37	0	0	0	-37
Avsetnad til gåver	0	0	0	0	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2025	0	0	0	-150	-150
Eigenkapital pr. 31.03.2025	15.425	63.270	694.046	27.751	800.492

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 Delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak". Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap.

Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar. Estimater og skjønnsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for anvendte estimat og skjønnsmessige vurderingar. I årsrekneskap for 2023 er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

Note 2 Utlån til kunder

Fordeling av brutto utlån til kunder fordelt på trinn

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2025	3.309.817	518.058	69.627	3.897.503
Overført til trinn 1	73.054	-73.054	0	0
Overført til trinn 2	-177.090	177.090	0	0
Overført til trinn 3	0	-2.482	2.482	0
Netto endring	-47.253	4.007	-502	-43.749
Nye lån	240.759	4.912	578	246.249
Frårekna lån	-142.915	-38.603	-9.220	-190.738
Utgående balanse 31.03.2025	3.256.372	589.928	62.965	3.909.265

Herav kunder med betalingslette

Bedriftskunder	0	83.637	18.846	102.483
Personkunder	0	62.150	81	62.231

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2024	3.160.644	444.964	75.381	3.680.989
Overført til trinn 1	49.006	-49.006	0	0
Overført til trinn 2	-149.020	149.020	0	0
Overført til trinn 3	-956	-3.709	4.665	0
Netto endring	-21.824	-6.111	-642	-28.577
Nye lån	263.988	12.723	745	277.456
Frårekna lån	-192.375	-16.923	-5.180	-214.478
Utgående balanse 31.03.2024	3.109.463	530.958	74.969	3.715.391

Herav kunder med betalingslette

Bedriftskunder	0	101.540	34.483	136.023
Personkunder	0	61.183	10.979	72.162

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Personkundar	2.900.927	2.681.478	2.858.654
Offentleg sektor	12.665	7.676	12.508
Finans og andre sektorar	3.702	8.629	7.794
Næring			
- Primærnæring	164.554	159.694	174.798
- Industri	41.485	36.052	36.422
- Kraftproduksjon	29.819	30.834	29.460
- Bygg og anlegg	82.759	161.641	85.160
- Handel	50.845	48.453	45.210
- Hotell og restaurantdrift	54.327	68.376	70.863
- Transport	26.883	26.502	24.452
- Eigedomsdrift	482.341	428.882	491.892
- Andre tenesteytande næringar	52.378	50.584	53.637
- Interesseorganisasjonar	6.580	6.590	6.653
Sum utlån før nedskrivingar	3.909.265	3.715.391	3.897.503
Trinn 1 nedskrivingar	-5.275	-6.850	-5.406
Trinn 2 nedskrivingar	-4.845	-3.752	-4.119
Trinn 3 nedskrivingar	-17.092	-19.114	-17.591
Sum utlån til og fordringar på kundar	3.882.053	3.685.675	3.870.387
Overført til Verd Boligkreditt AS	880.228	759.364	939.262
Totale utlån	4.762.281	4.445.039	4.809.649

Kredittforringa engasjement

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Misleghald næringlivskundar	25.968	45.004	35.222
Misleghald personkundar	2.883	1.506	385
Brutto misleghaldne engasjement	28.851	46.510	35.607
Trinn 3 nedskrivingar og avsetningar	-6.446	-13.696	-6.899
Netto misleghaldne engasjement	22.405	32.814	28.708

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	34.515	29.793	34.811
Trinn 3 nedskrivingar og avsetningar	-10.675	-5.498	-10.723
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	23.840	24.295	24.088

Kreditttap på utlån, garantiar og unytta kreditttrammer til kundar

	Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. Tap	Trinn 2 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Individuelt vurdert	Sum nedskrivinga r
Nedskrivingar og avsetningar					
Inngående balanse 01.01.2025	7.968	4.621	439	17.183	30.211
Overføringer:					
Overført til trinn 1	552	-552	0	0	0
Overført til trinn 2	-779	779	0	0	0
Overført til trinn 3	0	-4	4	0	0
Netto endring	-325	671	-8	-309	29
Nye tap	1.280	32	30	0	1.342
Frårekna tap	-453	-282	-218	0	-953
Endring i risikomodell/parametre	0	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0	0
Utgående balanse 31.03.2025	8.243	5.265	247	16.874	30.629
Verdijustert over andre inntekter kostnader	1.740	0	0	0	1.740
Sum nedskrivingar og avsetningar pr 31.03.2025	6.503	5.265	247	16.874	28.889
Konstatert tap	0	0	0	124	124
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	-39	-39
Nedskrivingar på balanseførte utlån til kundar	5.276	4.844	218	16.874	27.212
Avsetningar på garantiar og unytta kredittar til kundar	1.227	421	29	0	1.677
Sum nedskrivingar og avsetningar pr 31.03.2025	6.503	5.265	247	16.874	28.889

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar

	31.03.2025	31.03.2024	31.12.2024
Endring i nedskrivingar og avsetningar i trinn 1 og 2	920	173	-327
Endring i nedskrivingar og avsetningar i trinn 3	-192	4	-1.007
Konstaterte tap med tidlegare nedskriving	0	0	5.889
Konstaterte tap utan tidlegare nedskrivingar	124	1	168

Note 3 Verdipapir

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir.

Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar.

Banken verdsetter børnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 31.03.2025

	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsetjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Obligasjonar		262.696		0 262.696	0
Obligasjons og pengemarkedsfond					
Storebrand Likviditet B	13.619	138.235	138.235	0	0
Odin Likviditet H	502.890	50.878	50.878	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		189.113	189.113	0	0
Aksjar og grunnfondsbevis					
Balder Betaling AS	234.705	7.195	0	0	7.195
Brage Finans AS	2.242.581	68.081	0	0	68.081
DNB Bank ASA	15.942	4.392	4.392	0	0
Eiendoms kreditt AS	99.222	16.225	0	0	16.225
Frende Holding AS	40.986	21.313	0	0	21.313
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	2.706	2.706	0	0
LB Selskapet AS	200	200	0	0	200
Lerum Brygge AS	4.000	2.396	0	0	2.396
Luster Energiverk AS	1.374	17.862	0	0	17.862
Norne Securities AS	119.758	974	0	0	974
Verd Boligkreditt AS	52.056	55.516	0	0	55.516
Visa		554	0	0	554
Flekkefjord Sparebank	9.853	1.133	1133	0	0
Kredittforeningen for Sparebanker	460	601	0	0	601
Sogn Sparebank	7.600	1.928	1.928	0	0
Andre aksjer		387	0	0	387
Sum aksjar og grunnfondsbevis		201.463	10.159	262.696	191.304
Sum verdipapir		653.272	199.272	262.696	191.304
Avstemming nivå 3					
Inngående balanse 01.01					185.305
Realisert vinst/tap					0
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet					-1.116
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat					0
Investering					7.115
Salg					0
Utgående balanse					191.304

Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring

	31.03.25	31.03.24	31.12.24
Lønstakarar	2.785.935	2.613.232	2.696.060
Offentleg sektor	156.810	150.972	195.573
Finans og andre sektorar	111.834	84.782	99.258
Næring			
- Primærnæring	105.306	106.676	71.580
- Industri	26.380	22.243	28.973
- Kraftproduksjon	163.322	126.266	154.060
- Bygg og anlegg	128.063	98.185	112.042
- Handel	47.628	47.809	49.710
- Hotell og resturantdrift	27.055	22.499	33.916
- Transport	16.503	13.465	15.719
- Eigedomsdrift	92.906	80.267	86.513
- Andre tenesteytande næringar	101.010	97.327	125.680
- Interesseorganisasjonar	15.003	14.805	9.906
Sum innskot	3.777.755	3.478.528	3.678.990

Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden**Innlån frå kredittinstitusjonar**

Innlåna er prisa til 3M Nib + margin

	Opptak	Forfall	Margin	31.03.25	31.03.24	31.12.24
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	0,48 %	0	35.000	0
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	0,52 %	30.000	30.000	30.000
Kredittforeningen for Sparebanker	12.03.2024	28.09.2026	0,75 %	50.000	50.000	50.000
Sum gjeld til kredittinstitusjonar nominell verdi				80.000	115.000	80.000
Påløpte renter				258	623	256
Sum gjeld til kredittinstitusjonar bokført verdi				80.258	115.623	80.256

Gjennomsnittleg rente ved periodeslutt: 5,36 %

Gjeld stifta ved å utstede verdipapir

Obligasjonar er prisa til 3M Nib + margin

ISIN-nr	Opptak	Forfall	Margin	31.03.25	31.03.24	31.12.24
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	0,53 %	80.000	80.000	80.000
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	0,51 %	70.000	70.000	70.000
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	0,61 %	60.000	60.000	60.000
Obligasjonslån nominell verdi				210.000	210.000	210.000
Tilbakekjøpte obligasjoner				0	0	0
Påløpte renter				1.040	1.073	1.089
Over/underkurs				-26	-86	-41
Bokført verdi av gjeld stifta ved å utstede verdipapir				211.014	210.987	211.048

Endring i verdipapirgjeld	31.03.25	31.03.24	31.12.24
Bokført verdi av verdipapirgjeld 01.01	211.048	210.952	210.952
Opptak av nye lån i perioden	0	0	0
Forfalte eller innløyste lån i perioden	0	0	0
Innbetaling pålydande egne obligasjonar	0	0	0
Tilbakekjøp pålydnade egne obligasjonar	0	0	0
Endring over/underkurs	15	16	35
Endring påløpte renter	-49	19	61

Bokført verdi av verdipapirgjeld

ved utgang av perioden	211.014	210.987	211.048
-------------------------------	----------------	----------------	----------------

Gjennomsnittleg rente ved periodeslutt: 5,24 %

Note 6 Ansvarleg kapital og kapitalkrav

	31.03.25	31.03.24	31.12.24
Eigenkapital	800.492	727.637	779.937
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-15.425	-16.240	0
- Frådrag	-114.277	-97.594	-104.909
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	670.790	613.803	675.027
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	3.644	1.543	3.645
Offentleg eigde foretak	0	0	0
Institusjonar	53.396	46.601	60.199
Foretak	78.621	62.642	76.390
Massemarked	341.972	307.600	379.403
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.506.487	1.321.389	1.423.088
Forfalte engasjementer	54.633	68.604	60.201
Høgrisiko-engasjement	31.133	55.147	51.782
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.876	0	10.876
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	0	0	0
Andeler i verdipapirfond	78.508	41.862	16.518
Eigenkapitalposisjonar	96.451	89.232	95.366
Øvrige engasjement	21.841	23.772	18.430
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	2.277.564	2.018.393	2.195.898
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	254.098	218.919	254.098
Sum berekningsgrunnlag	2.531.662	2.237.312	2.449.996
Rein kjernekapitaldekning i prosent	26,50 %	27,43 %	27,55 %
Kjernekapitaldekning i prosent	26,50 %	27,43 %	27,55 %
Ansvarleg kapitaldekning i prosent	26,50 %	27,43 %	27,55 %
Uvekta kjernekapital i prosent	13,66 %	13,42 %	14,02 %

Konsolidering av samarbeidende grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. I andre kvartal 2024 har banken en eigarandel på 2,9 % i Verd Boligkreditt AS og 1,6 % i Brage Finans AS.

	31.03.25	31.03.24	31.12.24
Konsolidert rein kjernekapital	764.611	696.972	761.376
Konsolidert kjernekapital	777.725	711.722	774.490
Konsolidert ansvarleg kapital	792.962	727.979	789.729
Konsolidert beregningsgrunnlag	3.169.898	2.823.695	3.056.929
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	24,12 %	24,68 %	24,91 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	24,53 %	25,21 %	25,34 %
Konsolidert ansvarleg kapitaldekning	25,02 %	25,78 %	25,83 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	12,43 %	12,16 %	12,75 %
Banken sine kapitalkrav	31.03.25	31.03.24	31.12.24
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Motsyklisk buffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Krav til rein kjernekapital	14,00 %	14,00 %	12,50 %
Krav til kjernekapitaldekning	15,50 %	15,50 %	14,00 %
Krav til kapitaldekning	17,50 %	17,50 %	16,00 %
Banken si vurdering av Pilar 2 krav	2,10 %	2,10 %	2,10 %

Banken sine kapitalmål

Finanstilsynet har vedteke at bankens pilar 2-krav skal utgjere minst 2,1 prosent av konsolidert beregningsgrunnlag frå 31.12.24. Banken vurderte sjølve Pilar 2 til 2,1% før kravet frå Finanstilsynet. Banken sitt minstekrav til leverage ratio er på 3 % av eksponeringsbeløpet. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

	31.12.25
KAPITALMÅL KONSOLIDERT	
Mål for rein kjernekapitaldekning	17,6 %
Mål for kjernekapitaldekning	19,1 %
Mål for kapitaldekning	21,1 %